

i samfunnet, medan bokmål handlar meir om alt på midten. Eg er ikkje så oppteken av det som er på midten. Nynorsken er for akademia og fjøs, det er bunad og sjampanje, det tiltalar meg.

#### På nett og papir

I tillegg til å skriva roman har Kristine det siste året skriva blogg, og ho har 200 – 700 daglege lesarar. Der skriv ho innlegg om alt mogleg, og mykje har handla om skriveprosessen. Ho har vore svært open og skriva om frustrasjonar og gleder, storproduksjon og skrivesperre.

– *Har blogginga hatt noko å seia for skrivninga av boka?*

– Det er veldig rart å skriva på full tid som debutant. Dagane mine ser annleis ut enn då eg var i jobb, og prosessen med å skriva bok er heilt annleis enn arbeidsprosessar som involverer ein arbeidsgjevar og andre menneske undervegs. Då er det greitt å formulera seg om det ein driv med, og sidan eg av og til har gjort det på bloggen, slengjer eg det jo ut i ein semioffentleg sfære der tilbakemeldingane kan vera spennande. I periodar har skrivninga gått tregt, og i periodar har eg vore engsteleg og mismotig. Då er det fint at det er ei verd inne på pc-en full av folk som kan muntra meg opp. Det er også godt å dela gleder og framgang med andre.

– *Mange forfattarar ville kvi seg for å skriva "gratis" og mykje utanom produksjonen elles, korleis ser du på det?*

– Eg skriv heile tida, og det har eg alltid gjort. Eg likar å skriva fritt, utan føringar eller krav, og samstundes likar eg å vera økonomisk trygg. Det beste ville vera om nokon berre kasta ein haug med pengar etter meg og ba meg halda fram med å skriva kva eg ville. Men ikkje for mange pengar, sjølvsagt. Då ville eg kan hende få det travelt med å bruka dei opp.

# Herlege Korøy

Vil du oppleve eller medverka i det aktive kulturlivet på Stord, kan du gjerne oppsøkje eitt eller fleire av dei mange songkora på øya. Her finst kor for dei fleste interesser, kjønn, aldrar og overtydingar, og mange tek i mot fleire songarar.

Av Ingunn Hansejordet

19 kor står i kommunen sitt oversyn over lag og organisasjonar: Frå Aspene musikkskulekor til Stord pensjonistkor, frå Lovsongbrørne til Raudt kor. Det finst aktive kor som ikkje står på lista, som dei stilige, turkiskledde damene i Corona, dei staute karane i Grov- og Fjellgardskoret eller dei tilsvarande frå "hi sio" av øya, Osternes mannskor. Songlaget Stordabuen er eit av dei største, medan vokalgruppa Mmökkat tel ei handfull damer.

– *Kvifor er det så mange kor på Stord? Kvifor syng folk i kor? Skjer det noko med dei som syng i kor?*


Desse spørsmåla stilte vi til Anne Loe og Fred Ola Bjørnstad, eitt av mange ektepar på øya der begge er in-

volvete i korverksemd. Begge arbeider på høgskulen; ho har ansvaret for musikksamlinga til biblioteket, han er musikk lærar med song og kor som spesialfelt. I fritida er dei også aktive innan musikken, både som dirigentar og songarar. Dei konsise spørsmåla vi stiller innleiingsvis fører inn i ein lang og spennande samtale om kor, song, formidling og fellesskap.

– *Mange kor på Stord? Tja, det er jo ei stor øy, med to kommunar og stort folketal. Kvifor er det så mykje musikk her på Vestlandet, kan du like gjerne spørja, parerer Fred Ola.*

– Det har vel med den lågkyrkjelege kulturen å gjere, meiner Anne.

– Det er jo i arbeidarrørsla og i kyrkjelege samanhengar at folk tradisjonelt har våga å syngja saman. Musikklivet følgjer nok bedehusbeltet



Anne Loe og Fred Ola Bjørnstad. Foto: Ingunn Hansejordet



PÅ FARTEN: Om lag 70 koristar er stadig på farten med Songlaget Stordabuen. Dei øver kvar onsdag i Samhald, og er kjende for flott song og godt humør. Foto: Tor Resser

langs det ytre av Vestlandskysten, spekulerer Fred Ola. Men så er det jo personavhengig òg, og på Stord har vi hatt eldsjeler som Reidun Hagenes og Roald Sangolt.

– Og når eldsjelene har eit grunnlag å spela på, som her, kan det vara lenge når dei først set i gang noko, føyer Anne til.

På spørsmålet om kvifor folk syng i kor er ekteparet temmeleg samstemt i at korsong handlar om fellesskap, om å løfta i flokk og driva dugnad, om å vera ein del av noko stort.

– Det skjer tydelegvis noko med oss, sidan vi gidd å møta igjen neste veke, kanskje øva heime, bli hersa litt med. Ein korsongar må jo innordna seg, minner Anne om. – Ein møter frivillig opp for å bli retta på, må syngja slik dirigenten seier, venta på tur, prøva igjen og igjen ...

– Eg har aldri høyrte noko argument MOT å syngja i kor, ler Fred Ola, eg trur ikkje dei finst! Men skulle vi lista opp alle argumenta FOR å syngja i kor, måtte vi halda på heile kvelden.

Den vidgjetne dirigenten Prots, min-

dre kjend som Per Oddvar Hildre, har tatt seg tid til å ramsa opp alle (?) argumenta for å syngja i kor i ei av bøkene sine, så her kan ein gå til kjeldene viss familien skulle vera kritisk til hyppige korøvingar, eller om ein treng eit puff for å stilla opp for første gong.

Kva skjer med dei som syng i kor, vil vi vita, og ventar oss meir om fellesskap til svar.

– Kroppen produserer A-vitamin! kjem det naturvitskapleg triumferande frå Fred Ola.

– Song set i gang ein fysisk prosess; det er ikkje berre mentalt, det som skjer med oss. Ein blir oppkvikka, det gjeld jo både dirigent og koristar. Om ein er trøyt og sliten når ein kjem til korøvinga, får ein ny energi av å syngja. Dette er jo også noko ein nyttar i musikkterapien.

– *Kva likar de best av å dirigera og å syngja i kor sjølv?*

– Begge deler handlar jo om å musisera, om å vera med på eit musikalsk forløp, meiner Fred Ola.

– Jo, men det er ganske ulike posisjonar, innvender Anne. Samtidig har

## Kor

Ordet *kor* kjem frå det latinske *chorus*, som igjen kjem frå gresk, der det viser til ei rekkje av dansande menneske eller til danseplassen for syngjekora som var med i framsyningane av tragediar.

eg lært mykje om det å vera dirigent gjennom å syngja i kor, seier ho, som byrja i kor då ho var 8 – 10 år, og har halde fram sidan. – Det beste med å vera dirigent, held ho fram, er det eg får igjen frå koret: Det positive menneskelege møtet, den varmen eg kjenner strøyma mot meg frå dei andre.

Og Fred Ola held fram: – Det fine med å vera dirigent, eller korpedagog som eg gjerne kallar det, er det å la folk oppleve gledene ved å musisera, og gledene ved å syngja i lag. Det er lærarens gleder: Når dei impulsane du